



Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen til bygging av dagsturhytte.

Modalen kommune

Mo 6

5729 Modalen

Saka gjeld

Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen i LNF område til oppføring av dagsturhytta for ålmenta i Modalen kommune ved Steinavatnet

Kommunestyret vedtok i sak 004/2021 18.02.21 at dagsturhytta skal plasserast ved Steinavatnet.

Grunneigarane av gnr/bnr 82/1, 82/1-2 og 85/3 i området rundt Steinavatnet var alle positive til å få etablert ei dagsturhytte på sin eigedom.

Endeleg val av tomt vert bestemt våren 2021 der grunneigarar og ei synfaringsgruppe vert invitert med på synfaringa.

Dagsturhytter i heile Vestland

Kommunane i heile Vestland fekk hausten 2019 invitasjon til å søkje om tilskot til Dagsturhytte frå fylkeskommunen. Dette er ei vidareføring av suksessen i tidlegare Sogn og Fjordane, der alle dei 26 kommunane i tidsrommet 2017-2019 har fått ei slik hytte.

Dagsturhyttene er meint:

- Som eit lågterskeltilbod for å få fleire, og nye målgrupper ut på tur, og oftare på tur.
- Som ein sosial møteplass i naturen.
- Å vera ein attraksjon i seg sjølv.
- Som ein stad for fellesskap og identitetsbygging.

Kommunestyret i Modalen gjorde i sak 040/2020, 24.09.2020 vedtak om å ta imot tilbodet om dagsturhytte i vår kommune.

Framdrift

Modalen kommune får hytta i slutten av mai 2021, dette inneber at tiltaket må vera byggesaksbehandla, og tomta må vera graven av og klar til fundamentering innan 7. mai 2021. Søknad om dispensasjon vert sendt inn no for området rundt Steinavatnet, slik at ein kan senda vedtaket på høyring til berørte partar.




MODALEN KOMMUNE

Teknisk etat

Det vert søkt dispensasjon frå

Søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen i LNF område til oppføring av dagsturhytte for ålmenta i Modalen kommune ved Steinavatnet på eigedommane:

Gnr. 82 Bnr. 1
Gnr. 82 Bnr. 1-2
Gnr. 85 Bnr. 3





MODALEN KOMMUNE

Teknisk etat

Grunngjeving

Det er ingen konflikt med det biologiske mangfaldet, kulturminne, landskap eller strandsoneinteresser i dette området. Dagsturhytta er for ålmenta i Modalen kommune, der ein kan ta i mot besøkjande heile året.

Steinavatnet ligg på Nygård og er tilknytt fleire flotte turmål. Området er eit mykje brukt turområde i Modalen både om sommaren og om vinteren. På vinteren frys som regel vatna her oppe, og det er populært å ta turen inn til Nystølen, som ligg i enden av Steinavatnet. Turen inn til Nystølen går på godt tråkka sti.

Barnehagen, skulen, unge og eldre vil kunne nyitta seg av denne turen året rundt. Eit flott lågterskeltilbod for å få fleire og nye målgrupper ut på tur og oftare på tur.

Konklusjon

Dagsturhytta er for ålmenta i Modalen kommune, der ein kan ta imot besøkjande heile året. Å få etablert ei dagsturhytte i dette området vil:

- Vere eit lågterskeltilbod for å få fleire, og nye målgrupper ut på tur, og oftare på tur.
- Vere ein sosial møteplass i naturen
- Vera ein attraksjon i seg sjølv
- Vera ein stad for fellesskap og identitetsbygging

Vedlegg:

- Kart over område
Gnr. 82 Bnr. 1
Gnr. 82 Bnr. 1-2
Gnr. 85 Bnr. 3
- Fasade
- Planar
- Snitt
- Utelo

Modalen
Stad

9 / 3 - 2021
Dato

TONE SELMER SJØLGEVIRK

Tone Selmer
Underskrift tiltakshavar
TEKNISK SJEF

MODALEN KOMMUNE
TEKNISK ETAT

